

Områdeutvalet for Nordhordland (OU NH)

Referat

Tid:	Fredag 28. april kl. 09:00 – 12:00
Stad:	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
Til stede:	<p>Arbeidstakarorganisasjon: Brukarepresentant: Evy Knutsen (brukarepresentant spesialisthelsetenesta), Jostein Dale (brukarepresentant frå kommunane i Nordhordland).</p> <p>Hovudtillitsvalt: Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet), Trond Larsen (HVT Fagforbundet)</p> <p>Kommunane: Annika Tvedt Villanger (Fedje), Tonje Husum Aarland (Modalen), Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar)</p> <p>Kommuneoverlegerepresentant: Terese Folgerø (kommuneoverlegerepresentant Nordhordland)</p> <p>Fastlegerepresentant: Grete Wold (fastlegerepresentant Nordhordland)</p> <p>Helse Bergen: Alf Henrik Andreassen, Grete Lill Hjartnes, Hans Olav Instefjord, Maria Vollsæter,</p> <p>Haraldsplass: Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen</p> <p>Sekretariat: Elena Sandgathe, Kathrin Sætren Omland</p> <p>Observatør: Anita Bjørsvik Kvamme</p>
Møteleiar:	Oddvin Arne Neset
Referent:	Elena Sandgathe, Anita Bjørsvik Kvamme, prosjektleiar RNI, Kathrin Sætren Omland (RNI)

Saksnr	
11/23	<p>Godkjenning av innkalling og referat</p> <p>Ingen merknadar til innkallinga.</p> <p>Utvalsleiar viser til speleregler som Områdeutvalet har blitt einig om knytt til type saker OU ynskjer å prioritere i møta. Ein del saker er avvist eller utsett p.g.a for mange saker som ulike aktørar ynskjer utvalet skal handsame eller få til orientering.</p> <p>Referatet godkjennast med følgande merknader:</p> <p>I referatet frå Områdeutvalet frå 03.02.23, legg inn følgande endringar:</p> <p>Grethe Wold: <i>Fastlegerepresentant</i></p> <p>Therese Folgerø: <i>Kommuneoverlegerepresentant</i></p> <p>Jostein Dahle: <i>Brukarepresentant frå kommunane i Nordhordland</i></p> <p>Evy Knutsen: <i>Brukarepresentant frå spesialisthelsetenesta</i></p> <p>Utvalsleiar inviterte til ei generell drøfting av korleis referata skal skrivast. Utvalet samla seg om slik praksis: Sakene frå møta refererast med ein kort introduksjon av saka, etterfølgjt av evt innspel, konklusjon og vedtak. Konkrete innspel som har direkte konsekvens for vedtaket bør referatførast. I</p>

	dei sakene der ein ikkje oppnår konsensus er det viktig å referatføre ulike syn. Då nyttar ein tittel, ikkje namn.
12/23	<p>Referat frå møte i Strategisk samarbeidsutval</p> <p>Nestlearen i OU, Rebekka Ljosland, gjennomgjekk referat frå siste møte i Strategisk samarbeidsutval. Referat var sendt ut saman med innkallinga.</p> <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet i Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
13/23	<p>Kva er utfordringsbildet i overgangane mellom kommune- spesialisthelsetenesta for pasientar med psykisk utviklingshemming.</p> <p>Evy Knutsen, brukarrepresentant for spesialisthelsetenesta og representant for SAFO og NFU (Norsk Forbund for Utviklingshemmede) presenterte saka rundt utfordringsbilete i overgangane mellom kommune og spesialisthelsetenesta for pasientar med psykisk utviklingshemming. Notat om utfordringsbildet sendt ut saman med innkallinga.</p> <p>Stort behov for at Særavtale til Tenesteavtale 2. Behov for følgje - Saman blir brukt. Partane må planlegge overgangane mellom nivåa saman. Sjukehusa har stort nytte av at personell med gode relasjonar til pasienten følgjer med frå kommunen. Kommunane må stille med ressursar som kan følgje pasient.</p> <p>Oppfølging av saka ved at Haraldsplass og Alver saman ser på korleis overgangane kan bli gode mellom sjukehus og kommunane.</p> <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet Nordhordland takkar Evy Knutens for orienteringa.</p>
14/23	<p>Bli kjent med arbeidsfeltet til medlemmane i Områdeutvalet</p> <p>Kristin Ruud Myking, kommunalsjef helse, omsorg og sosial, Osterøy kommune orienterte om ulike sider ved stillinga som kommunalsjef.</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p> <p>Utvalsleiar utfordra andre i utvalet til å gje ein presentasjon av sitt arbeid i neste møte. Den som tek utfordringa kan sende melding til Kathrin eller Elena.</p>
15/23	<p>Samhandling om ernæringsoppfølging for somatiske pasientar over 18 år.</p> <p>Retningslinjene og sluttresultatet blei presentert av rådgjevar Elena Sandgathe.</p> <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland sluttar seg til vedtaket om å ta i bruk retningslinjene og melde inn representant til arbeidsgruppa for å utarbeide retningslinje for pasientar innan rus og psykiatri. Kommunal representant til arbeidsgruppa meldast til Kathrin innan 1. juni</p>
16/23	<p>Fagleg samarbeidsutval</p> <p>Drøfting om en mogleg generisk tilnærming for arbeidet med overordna FSU, med utgangspunkt i målgruppa "Barn og unge" ved Simon Øverland, Helse Bergen</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis etablira fagleg samarbeidsutval i helsefellesskapsstrukturen, og kan vi berre begynne med eit tema? • Ressursspørsmål for alle partar der personar skal tas ut frå dagleg drift og delta i utvala. Små grupper jobbar ofte meir effektiv enn store grupper. Tydeleg på kva vi ynskjer å få ut av FSU`ane. • Etablerte og eksisterande strukturar: Kan vi ta i bruk strukturen som allereie er etablert, for eksempel Fag- og tenesteutvikling? • Etablere eller samle eit utval utifrå behov/tema, som for eksempel influensasesong. <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
17/23	<p>Orientering frå partane</p> <p>Om Orientering frå partane: orientering til partane er meint å tas munnleg i OU møte. Informasjon kan og sendast ut før OU møte, eller leggast ved som referat om ynskeleg. Ein skal setje av nok tid i møta, slik at alle partar kan orientere kvarandre.</p> <p>Helse Bergen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Psykisk helsevern ved Liv Kleve – klinikkdirktør • Prosjektet trygge overgangar med fokus på utskrivingsklare pasientar. Helse Bergen tar på alvor avvika som kjem frå kommunane. • 350 tilsette har vært gjennom seminardagar med opplæring. Også frå forvaltninga. • Ynskjer å invitere til ein felles dag med kommunane for å bli forrente om korleis ein tolkar samarbeidsavtalar og auke kvaliteten saman. <p>Takk for orienteringa. God prosess at kommunane ble tatt med i prosessen. Det bærer resultata preg av.</p> <p>Kommunane i Nordhordland</p> <p>Det har vært gjennomført eit prosjekt for å auke fokus på ernæring. Dei 7 kommunane i Nordhordland har gått saman, fått tildelt midlar og tilsett klinisk ernæringsfysiolog som prosjektleiar. Det har blitt gjennomført kartlegging av status i kommunane når det gjeld systematisk registrering og oppfølging av heimebuande eldre og på sjukeheim. Prosjektet har vist forbetringspotensiale, og det er søkt om ytterlegare midlar for vidare prosjekt – klinisk ernæringsfysiolog.</p>
18/23	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt på eventuelt.</p>